# Fjell kommune



- tryggleik og trivsel mellom by og hav -

# Innhald


| | Side |
|---|---|
| Litt om Fjell kommune | 3 |
| Helsing frå ordføraren | 4 |
| Vi er her for deg. Servicetorget | 5 |
| **Barn og unge i Fjell** | 6 |
| Førebyggjande helsetenester - helsestasjon | 7 |
| Barnevern | 8 |
| Barnehage | 9 |
| Skule | 10 |
| Andre opplæringstilbod | 11 |
| Kommunale ungdomsklubbar | 11 |
| **Helse, omsorg og støttetiltak** | 12 |
| Lenkjer til ein del kommunale tilbod | 13 |
| Helsetenester | 14 |
| Omsorg i heim og institusjon | 15 |
| Avlasting og støtte | 16 |
| Parkeringsløyve og transportkort | 17 |
| Nav | 17 |
| **Kommunal planlegging** | 18 |
| Tekniske tenester | 19 |
| Vatn, avløp og renovasjon - FjellVar | 20 |
| Sotra brannvern | 20 |
| **Kommunal eigedom** | 21 |
| Kommunale vegar | 21 |
| Fjell Bustadstifting | 21 |
| Kyrkjene i Fjell | 22 |
| **Kultur og fritid** | 23 |
| Fjell folkeboksamling | 23 |
| Fjell Frivilligsentral | 23 |
| Fjell bygdebok | 24 |
| Offentleg bading | 24 |
| Treningstider - kommunale bygg/anlegg | 24 |
| Kommunale tilskotsordningar | 24 |
| **Andre kommunale tilbod** | 25 |
| • politiske saker | |
| • ambulerande skjenkeløyve | |
| • postjournal på nett | |
| • barnehageplass | |
| • utleige møterom | |
| • utleige kommunale bygg og anlegg | |
| **Det spennande øyriket** | 26 |
| Fjell festning - krigsminne | 26 |
| Gjerdet kulturminnegard | |
| Kulturminne - private | 27 |
| Ut på tur | 28 |
| Badeplassar | 29 |
| Andre friluftstilbod - reiseliv | |
| Fritidsaktivitetar knytt til sjø og land | 31 |
| **Viktige telefonnummer** | 32 |


## Kommunale tenester - ein del aktuelle tilbod

- ambulerande skjenkeløyve
- avlasting og støttetiltak
- badeplassar
- barnehagar
- barnehageplass
- barnevern
- bibliotek
- brannvern
- bygdebok
- byggjesaker
- frivilligsentral
- helsetenester
- idrett
- kart og oppmåling
- kommunale eigedomar og vegar
- MOT
- offentleg bading
- omsorg
- planar/utbygging
- postjournal på nett
- renovasjon, vatn og avløp
- skule/undervisning
- tekniske tenester
- tilskotsordningar
- transportteneste
- treningstider i kommunale bygg og anlegg
- ungdomsklubbar
- utleige møterom på rådhuset
- utleige kommunale bygg og anlegg
- vatn, avløp, renovasjon - FjellVar

# Fjell kommune

Postboks 184, 5342 Straume
Telefon 55 09 60 00
www.fjell.kommune.no - postmottak@fjell.kommune.no
Bankgiro: 6516 05 05200 - Postgiro: 0905 5786306

Fjell kommune er både eit levande lokalsamfunn og ein stor og tidsmessig tilretteleggjar av offentlege tenester for innbyggjarane. Kommunen har full barnehagedekning, moderne skular, funksjonelle idrettsanlegg, eit rikt foreiningsliv og sosiale møteplassar. I tillegg har vi frisk luft og reint vatn, og lett tilgang til naturopplevingar på land og sjø.

I Fjell er det i dag eit moderne og allsidig næringsliv. Dei største arbeidsgjevarane er Fjell kommune, Sartor Storsenter på Straume og Coast Center Base, CCB, på Ågotnes. Kystbasen er den største forsyningsbasen i landet for olje- og gassverksemda i Nordsjøen. Området har i dag om lag130 verksemder med vel 1600 årsverk.

Sotrabrua førte til sterk tilflytting til Fjell kommune og nabokommunane Sund og Øygarden. Innbyggjartalet i Fjell har auka frå sju tusen i 1970 til om lag 22 500 i 2011, og kommunen har lagt ned eit omfattande arbeid for å byggja ut eit godt offentleg tenestetilbod og leggja til rette for privat initiativ. Folkeauken har gjort det nødvendig å etablera område for bustadbygging og næringsdrift, bygging av vegar, vatn og kloakk, nye skular og barnehagar, idrettsanlegg og helsetenester. Ein del av det opphavlege bygdesamfunnet har måtta vika plass for byggjefelt og industri, men vi har framleis att eit rikt utval av kulturhistoriske miljø og urørt natur... og det er kort veg frå kassakø og folkemylder på Sartor storsenter til stilla på Liatårnet, 341 meter over havet.

*Sotrabrua er ein del av riksveg 555. Brua blei opna for trafikk den 11. desember 1971, og høgtideleg opna av kong Olav V i mai 1972. Den var då den lengste brua i landet, 1236 meter lang. Totalkostnaden var ca. 40 millionar kroner (1971-kroner), og det vart kravt bompenger til tidleg på åttitalet. Førti år seinare passerer 25 000 - 30 000 bilar brua dagleg, og kapasiteten er for lengst sprengt. Kostnadene med ny bru og nye tilførselsvegar er rekna til over fire milliardar kroner.*


Naustmiljø på Algrøyna

# Helsing frå ordføraren

Fjell kommune har lenge hatt ei positiv utvikling, både når det gjeld folketal og framveksten av eit godt og velfungerande samfunn. Kommunen og det private næringslivet har i dag mange spennande og varierte arbeidsplassar, handelstilbodet er på høgde med byen, det offentlege tenestetilbodet er godt utbygd, og vi treng ikkje reisa langt for å oppleva flott natur, unik flora og rik fauna. Identiteten til fjellsokningane er knytt nært opp til kysten og sjølivet, men vi har og store utmarksområde der vi kan finna ro og rekreasjon året rundt.



*Eli Årdal Berland er den tjuefemte - men første kvinnelege - ordføraren i Fjell kommune*

Friluftsliv og kulturelle aktivitetar innan rekkevidde, valfridom til å byggja og bu, trygge oppvekstvilkår, levedyktige arbeidsplassar og gode kommunale tenester, er attraktive verdiar for mange.

Som ordførar i kommunestyreperioden fram til 2015, skal eg arbeida aktivt for å ta vare på og vidareutvikla dei kvalitetane kommunen har. Eg set difor pris på å bli kontakta om det som opptek deg, og ein uformell prat er ofte den beste måten å få vita kva som er viktig for folk ute på bygdene. Skal vi kunna påverka eiga utvikling og ivareta eit mangfald av gode tilbod, treng vi eit sterkt lokaldemokrati der alle deltek! Du kan lesa meir om dette på heimesida til Fjell kommune, www.fjell.kommune.no/Politikk/

Den politiske plattforma for samarbeid mellom Høgre, KrF og FrP viser deg kva og korleis vi prioriterer. Nytt fastlandssamband med tilhørande vegnett er den største saka i komande periode, samstundes som vi vil arbeida aktivt og vedvarande for å ta vare på kjerneverdiar som fellesskap, kultur og lokale tradisjonar, natur og miljø.

Helsing

*Eli Årdal Berland*
ordførar



Sotrabrua og Litlesotra i aust



Haganes i sør



Misje i nord

# Vi er her for deg!

Ein kommune har mange oppgåver - både pålagde og frivillige - som krev allsidig kompetanse og høg arbeidsinnsats. I Fjell kommune arbeider om lag 1500 arbeidstakarar for at samfunnet vårt skal vera godt og tenleg for alle. Vi har ansvaret helsetenester frå fødsel til død, vi tar oss av barn i barnehagar og grunnskule, vi held det reint og ryddig i og rundt kommunale bygg og anlegg, vi vedlikeheld kommunale vegar og kaiar, gang- og sykkelvegar og friområde, vi regulerer og planlegg samfunnet vårt i samsvar med lover og reglar, og vi følgjer opp politiske vedtak og sentrale pålegg.

Følgjer du lenkjene under, kjem du fram til nærare omtale av dei mest aktuelle tenestene. Finn du ikkje det du søkjer her, kan du sjå www.fjell.kommune.no, senda ein e-post til postmottak@fjell.kommune.no, ringja oss på telefon 55 09 60 00, skriva brev til Fjell kommune, postboks 184, 5342 Straume, eller du kan koma innom Fjell Rådhus for ein personleg samtale.



## Servicetorget

er det første du møter når du ringjer eller kjem innom med spørsmål til kommunen. Her kan du levera søknader, brev og meldingar til kommunen, og du kan spørja oss om alt. Ofte kan vi hjelpe deg der og då, eller vi formidlar kontakt med rett person. Må du venta litt, er du velkomen til å slå deg ned i det romslege torget med ei avis eller ved ei av datamaskinene - der du sjølv kan leita fram det meste av offentleg informasjon på Internett.

Opningstider Fjell Rådhus: kl. 0800 - 1530

Tysdag: kl. 0800 – 1720

Måndag - fredag er det vaktteneste til kl. 21.00

**Telefon: 55 09 60 00**

E-post: postmottak@fjell.kommune.no

Bankgiro: 6516 05 05200 - Postgiro: 0905 5786306

# Barn og unge i Fjell

Fjell kommune har mange unge i forhold til folketalet. I 2011 var det 6800 personar under tjue år, eller om lag 25 prosent, i kommunen.

Her finn du ein del av dei viktigaste tilboda til barn og unge:

**Barnehage:**

- www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Administrasjonen/Barnehagesjefen/

**Barne- og familievern:**

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Adopsjon/
- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Avlasting/
- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Hjelpetiltak-fra-barnevernstenesta/

**Grunnskulane i Fjell:**

www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Administrasjonen/Skulesjefen/

**Helsestasjon - førebyggande helsetenester:**

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Helsestasjon/
- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Helsestasjon-for-ungdom/
- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Helseteneste-til-flyktningar-og-asylsokjarar/
- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/JordmorHeim-i-Fjell/



Jan Ove Storesund

**Kulturskulen:**

www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Kulturskule/

**PPT:**

www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/PP-tenesta/

**Skulefritidsordning:**

www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Skulefritidsordning_SFO/

**Ungdomsklubbar:**

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Ungdomsklubbar/
- www.mot.no (MOT)

# Førebyggjande helsetenester

www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Helsestasjon/

## Helsestasjons- og skulehelsetenesta

Det førebyggande helsearbeidet for gravide, barn og unge er ei lovpålagt og gratis helseteneste. Tilbodet omfattar heimebesøk, besøk på helsestasjon, helseundersøking, vaksinasjon, rettleiing og rådgjeving av helsesøster og lege. Svangerskapsomsorg ved jordmor.



- Gravide kvinner og alle familiar med barn er velkomne til å oppsøkja Straume og Ågotnes helsestasjon. Vi har lokale i Straume helsesenter og Ågotnes legesenter.
- Alle barn 0 - 6 år får oppfølging på ein av helsestasjonane i kommunen.
- Barn og unge 6 - 20 år har rett på skulehelseteneste der dei går på skulen, enten offentleg eller privat skule i kommunen.

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Helsestasjon/

**Straume helsestasjon** på Straume helsesenter har ope alle kvardagar kl. 08.00 – 15.30. Telefon 55 09 68 10, alle dagar kl. 08.30 - 13.00.

**Ågotnes helsestasjon** har ope tirsdag og onsdag til kl 15.30.
Tlf 55 09 69 90, tysdag og onsdag kl 08.30 – kl 13.00.

E-post: Agotnes.helsestasjon@fjell.kommune.no

**Helsestasjon for ungdom** på Sartor Storsenter, tlf 55 09 68 02 - mobil 9748 2175, er eit gratis tilbod - utan timebestilling - til ungdom mellom 13 og 20 år. Stengt når skulen har fri.

- Måndag frå kl 13.00 -16.30 ved helsesøster. Lege til stades kl 14.30 - 16.30
- Torsdag frå kl 14.00 -16.30 ved helsesøster. Lege til stades kl 15.00 - 16.30

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Helsestasjon-for-ungdom/
- www.fjell.kommune.no/Aktuelt/Helsestasjon-for-ungdom-med-utvida-tilbod/

Flyktningar og asylsøkjarar som bur eller har mellombels tilhald i kommunen, har rett til helsetenester på same måte som andre som bur i kommunen. Kontakt **Straume Helsestasjon på Straume helsesenter,** telefon 55 09 68 10.

**Tuberkuloseundersøking:** Flyktningar, asylsøkarar og andre personar frå land med høg førekomst av tuberkulose, og som skal opphalde seg i Noreg i meir enn tre månader, har plikt til å gjennomgå tuberkuloseundersøking innan 14 dagar etter innreise. Det inneber tuberkulintest (mantoux) og/eller lungerøntgen, etter gjeldande retningslinjer.

www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Administrasjonen/Helsesjefen/Kontakt_oss_-_Helsesjefen/

# Barnevern

**Barnevernet** har som oppgave å ta vare på vanskelegstilte barn/dei mest utsette barna, verne dei mot omssorgssvikt og motverke at dei lir fysisk og/eller psykisk overlast.

Barn under 18 år som oppheld seg i Fjell, kan koma inn under omsorga til barnevernet.

Er du uroleg for utviklinga eller omsorga til eit barn, kan du ta kontakt med Fjell kommune, barnevernet, tlf 55 09 60 00.

Barnevernet har kvalifiserte medarbeidarar og ei rekkje ulike tiltak som kan setjast inn når det er behov for dette:



**Barnegruppa:** Når det kjem inn bekymringsmeldingar for barn i alderen 0 - 12 år, undersøkjer gruppa dei varsla forholda. I samarbeid med familien vurderer vi tiltak som kan skapa nødvendige endringar til beste for barnet.

**Ungdomsgruppa** tek seg av bekymringsmeldingar for barn/ungdom i alderen 12 - 18 år, og vurderer tiltak i samarbeid med familien og den unge meldinga gjeld.

**Valds-/overgrepsgruppa** undersøkjer forhold på bakgrunn av bekymringsmeldingar om vald/overgrep der barn er involverte. Gruppa sikrar forsvarleg oppfølging av saka i form av skjerming og førebyggjande hjelpetiltak.

**Tiltaksgruppa** iverkset hjelpetiltak i utsette familiar, i samråd med saksbehandlar i barneverntenesta. Vidare arbeider tiltaksgruppa for å rekruttera og rettleia eksterne tiltakspersonar/fosterheimar, og sikrar best mogleg kompetanse på rettleiing av foreldre og barn/ungdom.

## Sosiale tenester - barn

Adopsjon:

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Adopsjon/

Barnevern:

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tema/Barne--og-familievern/

Besøksheim:

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Besoksheim/

Fosterheim:

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Fosterheim/

Støttekontakt:

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Stottekontakt/

# Barnehage

Kommunen eig og driv 11 barnehagar (2011). I tillegg er det 25 private barnehagar.

| **Kommunale barnehagar:** | **Telefon:** | **Stad:** |
|---|---|---|
| Bildøy barnehage | 55 09 69 85 | Bildøyna |
| Bjorøy barnehage | 55 09 75 89 | Bjorøyna |
| Ekerhovd barnehage | 55 09 78 40 | S. Ekrhovda |
| Knappskog barnehage | 55 09 63 50 | Fjæreidevegen |
| Leirstaden barnehage | 55 09 68 20 | Foldnes |
| Marihøna barnehage | 55 09 63 80 | Knarrvika |
| Straume barnehage | 55 09 78 65 | Straume |
| Svingen barnehage | 55 09 69 40 | Brattholmen |
| Tussetjødna barnehage | 55 09 68 35 | Foldnes |
| Ulveset barnehage | 55 09 68 76 | Ulveset |
| Ågotnes barnehage | 55 09 68 40 | Ågotnes |
| **Private barnehagar:** | | |
| Aronien barnehage A/S | 56 33 58 88 | Straume |
| Gardstunet barnehage | 56 32 10 30 | Fjell |
| Havhesten FUS barnehage | 56 31 36 50 | Kolltveit |
| Langøy friluftsbarnehage | 48 60 78 04 | Langøyna |
| Liatunet Barnehage | 56 33 54 44 | Liaskjæret |
| Løveparken barnehage | 56 31 10 95 | Straume |
| Småstrilane barnehage: | 55 70 60 87 | Ågotnes |
| • avd Kårtveitpollen | | |
| • avd Naustvika | | |
| • avd Ulven | | |
| Solglytt barnehage | 56 32 00 06 | Brattholmen |
| Tiriltunet barnehage | 56 32 18 86 | Foldnes |
| Veksthuset barnehage : | 56 31 59 80 | |
| • avd Kolltveit | 56 33 28 00 | |
| • avd Straume | 56 31 59 80 | |
| • avd Valen | 56 31 59 90 | |
| Algrøy familiebarnehage | 994 86 376 | Algrøyna |
| Alvetun familiebarnehage | 932 37 254 | Landro |
| Bamsen familiebarnehage | 56 33 50 36 | Ågotnes |
| Knerten familiebarnehage | 56 32 44 64 | Straume |
| Soltunet familiebarnehage | 56 33 36 92 | Angeltveit |
| Straumsfjellet familiebarnehage | 56 32 12 47 | Straume |
| Tree't familiebarnehage | 928 16 001 | Vindenes |
| **Korttidsbarnehagar:** | | |
| Knarrevik korttidsbarnehage | 56 33 27 69 | Knarrvika |
| **Opne barnehagar:** | | |
| Fjell KFUM/KFUK | 464 20 468 | Fjell, Straume og Landro |

Søknadsfrist til hovudopptak: **1. mars.** Barn som står på venteliste vert tekne opp etter kvart som det vert ledige plassar. Sjå www.fjell.kommune.no for retningslinjer, søknad om barnehageplass, opptak og foreldrebetaling. Du kan og få nærare opplysningar i servicetorget, tlf 55 09 60 00.

www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Administrasjonen/Barnehagesjefen/

# Skule

## Grunnskule

Fjell kommune har 18 grunnskular, av desse er 16 barneskular og to ungdomsskular. Foldnes skule og Tranevågen ungdomsskule har innføringsklassar for minioritetsspråk-lege elevar. Skulesektoren er den største verksemda i kommunen, både med tanke på tal tilsette og budsjett.

Klikk på lenkja ved skulenamnet i lista under for å koma til heimesida til skulen:

### Barneskular

| | | |
|---|---|---|
| Algrøy skule | tlf 55 09 76 35 | www.fjell.no/skule/algroy/ |
| Bjorøy skule | tlf 55 09 75 80 | www.fjell.no/skule/bjoroy/ |
| Brattholmen skule | tlf 55 09 75 00 | www.fjell.no/skule/brattholmen/ |
| Ekerhovd skule | tlf 55 09 78 40 | www.fjell.no/skule/ekerhovd/ |
| Foldnes skule | tlf 55 09 69 50 | www.fjell.no/skule/foldnes/ |
| Hjelteryggen skule | tlf 55 09 79 00 | www.fjell.no/skule/hjelteryggen/ |
| Knappskog skule | tlf 55 09 75 50 | www.fjell.no/skule/knappskog/ |
| Kolltveit skule | tlf 55 09 76 00 | www.fjell.no/skule/kolltveit/ |
| Landro skule | tlf 55 09 78 90 | www.fjell.no/skule/landro/ |
| Liljevatnet skule | tlf 55 09 79 50 | www.fjell.no/skule/liljevatnet/ |
| Misje skule | tlf 55 09 76 50 | www.fjell.no/skule/misje/ |
| Skålevik skule | tlf 55 09 77 90 | www.fjell.no/skule/skalevik/ |
| Syltøy skule | tlf 55 09 77 60 | www.fjell.no/skule/syltoy/ |
| Tellnes skule | tlf 55 09 76 80 | www.fjell.no/skule/tellnes/ |
| Ulveset skule | tlf 55 09 79 20 | www.fjell.no/skule/ulveset/ |
| Ågotnes skule | tlf 55 09 78 00 | www.fjell.no/skule/agotnes/ |

### Ungdomsskular

| | | |
|---|---|---|
| Fjell Ungdomsskule | tlf 55 09 77 00 | wp.offentleg.no/fjell/ |
| Tranevågen ungdomsskule | tlf 55 09 63 00 | wp.offentleg.no/tranevagen/ |
| | tlf 55 09 63 01 | |

@-post til den enkelte skule: *namn*.skule@fjell.kommune.no



Tranevågen ungdomsskule, Ågotnes

**Privat barneskule** på Straume: www.danielsen-skoler.no/barneskole/

**Vidaregåande opplæring -** Sotra vidaregåande skule på Bildøyna
http://sov.hfk.no/templates/SchoolFrontpage.aspx?id=2158

**Høgskolen i Bergen** - ingeniørutdanning i undervannsteknologi på Straume
www.hib.no/om/besok/straume.htm

# Andre opplæringstilbod



**Fjell kulturskule**, tlf 55 09 68 70 - mobil 95 43 95 60, tilbyr undervisning i musikk, dans, teater og kunst, og har i dag 570 elevplassar. Kulturskulen tilbyr og musikkterapi og undervisning tilrettelagt for menneske med særlege behov, og har ansvaret for mange andre kulturtilbod og arrangement i kommunen. Fjell kulturskule var Årets kulturskule 2010.

www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Kulturskule/

@-post: fjell.kulturskule@fjell.kommune.no

**Fjell Vaksenopplæring,** tlf 55 09 76 70, har undervisningstilbod for vaksne med behov for tilrettelagt opplæring, og norskundervisning for vaksne minoritetsspråklege.
@-post: fjell.vaksenopplaring@fjell.kommune.no

**Skulefritidsordning (SFO)** er eit tilbod om leik og varierte aktivitetar før og etter skuletid for barn i 1. til 4. klasse, og for barn med særskilte behov i 1. til 7. klasse.
www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Skulefritidsordning_SFO/

**Skulerute:**
www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Skulerute--Ferie-og-fridagar/

**Skulesjefen** er ansvarleg for heile grunnskuletilbodet, inklusiv pedagogisk psykologisk teneste, vaksenopplæringa og kulturskulen.

www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Administrasjonen/Skulesjefen/

# Kommunale ungdomsklubbar - Straume og Kårtveit

Dei to kommunale ungdomsklubbane er attraktive møteplassar for ungdom mellom 13 og 19 år. Her kan ungdommane delta i aktivitetstilbod dei sjølv ønskjer og har behov for, og gjennom dette utvikla seg ved å ta ansvar for eigen aktivitet.



- Straumeklubben i Einarsengården ☎ 55 09 63 65
www.facebook.com/home.php#!/group.php?gid=13034404511

- Kårtveitklubben i "Huset på haugen" ☎ 55 09 63 64
www.facebook.com/#!/group.php?gid=55678147656

Nærare opplysningar i servicetorget ☎ 55 09 60 00.

Fjell kommune er eit **Lokalsamfunn med MOT** og nyttar visjonen til **MOT** for eit varmare og tryggare oppvekstmiljø som grunnlag for haldningsskapande arbeid for og med ungdommen.
Sjå www.mot.no/



# Helse, omsorg og støttetiltak



- Alle som bur eller oppheld seg i Fjell kommune, har rett på informasjon, råd og rettleiing som kan førebyggja og løysa sosiale problem. Hjelpa er gratis.
- Den som ikkje er i stand til eigenomsorg eller som er avhengig av hjelp for å meistra dagleglivet, har krav på sosiale tenester.
- Den som sjølv ikkje kan sørgja for eige livsopphald gjennom arbeid eller andre økonomiske rettar (td trygd), har krav på økonomisk stønad.

Fleire kommunale einingar samarbeider om heimetenester, sjukeheim, helse-tenester, økonomisk sosialhjelp, rådgjeving, oppfølging, dagtilbod, matombring-ing etc.

Omsorgssjefen har ansvaret for dei kommunale omsorgstenestene i eigen heim og kommunale institusjonar.

Sosialsjefen, helsesjefen og omsorgssjefen har eit felles ansvar for rettleiing og oppfølging av vaksne i heim og institusjon.

NAV har ansvar for å yta økonomisk sosialhjelp, og vidare for rådgjeving, rettleiing og oppfølging av personer med ulike livsproblem.



# Lenkjer til nærare opplysningar om ein del kommunale tilbod innan omsorg, trygd og sosiale tenester:

**Avlastning og støtte** - barn, unge og eldre:

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Avlasting/

**Bustad:**

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Bustad/

**Dagavdeling** for eldre og dagsenter for funksjonshemma:

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Dagopphald/

**Omsorgsbustad**, kommunal bustad, busetjing av flyktningar:

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Omsorgsbustad/

**Omsorgstenester:**

- Heimehjelp: www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Heimehjelp/
- Heimesjukepleie: www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Heimesjukepleie/
- Tryggingsalarm: www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Tryggingsalarm/
- Matombringing: www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Matlevering/

**Støttekontakt:**

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Stottekontakt/

**Transportteneste** for funksjonshemma og parkeringskort for rørslehemma:

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Transportteneste-for-funksjons-hemma-TT-kort/

**Økonomiske ytingar**: NAV Fjell - økonomisk støtte, trygd, pensjon m.v.:

- ww.nav.no



**Fastlege:**

- https://tjenester.nav.no/minfastlege/innbygger/fastlegesokikkepalogget.do
- www.helfo.no/privatperson/fastlegeordningen/Sider/default.aspx

  HELFO = Helseøkonomiforvaltningen

**Byte fastlege**: gå inn på www.helfo.no, vel MinFastlege i høgre marg. Her er ein direkte link til sida: http://helfo.no/privatperson/fastlegeordningen/Sider/default.aspx

# Helsetenester

Dei kommunale helsetenestene sikrar deg hjelp når du treng det, og skulle du ha behov for meir spesialiserte tenester, har vi eit nært samarbeid med bl.a. spesialisthelsesenteret på Straume.



## Legetenesta

- **Straume legesenter** ☎ 56 31 37 00 - Straume helsesenter
  www.straumelegesenter.no - lege.sekretar.straume@straume.nhn.no
- **Ågotnes legesenter** ☎ 55 09 69 90

**Private legesenter/legar:**

- **Arkaden Legesenter** ☎ 56 31 59 00 - Sartor storsenter
- **Medicus helsesenter** ☎ 56 33 18 00 - Straume helsesenter
  www.helfo.no - E-post: regionvest@helfo.no
- **Dr Kåre Aksnes** ☎ 56 38 26 00 - Grønamyrvegen 6

## Legehjelp utanom kontortid

Sotra legevakt på Straume helsesenter ☎ **56 33 26 10**

- kvardagar: kl 15.15 - 08.00
- laurdag-søndag: heile døgnet

Hjelp straks: ☎ **113**

### Kva kan du få hjelp til på e-post?

- Du kan bestilla time
- Du kan bestilla resept
- Du kan be om forlenging av sjukmelding, dersom du har avtale med legen

E-posten til legesenteret må alltid innehalda namn, fødselsdato, telefonnummer og kva meldinga gjeld. NB! Ikkje sensitive opplysningar!



Ågotnes legesenter

# Omsorg i heim og institusjon

## Heimeteneste

- Heimehjelp
- Heimesjukepleie

Heimetenesta yter tenester etter behov, slik at innbyggjarar i Fjell kommune skal kunne bu i eigen heim, sjølv om dei er avhengige av hjelp grunna sjukdom/skade av mellombels eller varig karakter. Vedtak om hjelp vert gitt etter individuell vurdering i kvart einskild høve.

Heimetenesta er delt i to soner:

- Sone Sotra : tlf 55 09 71 90
- Sone Litlesotra : tlf 55 09 71 84

## Sjukeheim tlf 55 09 74 00

- Fjell sjukeheim har 52 plassar – avlastingsplass, korttidsplass og langtidsplass.
- Intermediæravdeling seks plassar. Pilotprosjekt saman med Askøy, Sund, Øygarden og Helse Bergen.

**Bufellesskap:** Døgnkontinuerleg hjelp og tilsyn – dagavdeling med aktivitetstilbod.

**Straume bu og servicesenter:** Tlf 56 33 64 00
Tre bufellesskap med til saman 23 husvære. Tilrettelagt for eldre og menneske med utviklingshemming.

**Kvednatunet:** Tlf 56 33 55 00. Fire bufellesskap med til saman 40 husvære for eldre.

## Bu- og aktiviseringstilbod til menneske med utviklingshemming

- Blombakkane bustader er bufellesskap med heildøgns hjelp og tilsyn, tlf 55 09 68 30
- Vågaleitet og Åttringjen bustader er omsorgsbustader med hjelp og tilsyn etter behov, tlf 55 09 68 92 og 90 79 83 35
- Straume arbeidssenter: arbeid og aktivitetstilbod, tlf 55 09 69 20
- Sotra dagtilbod: dag/aktivitetstilbod, tlf 55 09 68 28

## Omsorgsbustader/trygdebustader

Kommunen disponerer ei rekkje tilrettelagde bustader for eldre/funksjonshemma

## Andre omsorgstenester



- Tryggleiksalarm
- Hjelpemiddel
- Brukarstyrt Personleg Assistanse
- Levering av middag (frosen)
- Hukommelsesteam
- Palliativ teneste

**Søknadsskjema** for dei ulike omsorgstenestene finn du på www.fjell.kommune.no, eller du kan henta skjema i servicetorget på rådhuset.

Du kan og ringja tlf 55 09 60 00 for å få søknadsskjema sendt i posten.

# Avlasting og støtte

Dersom du eller andre i familie din har omsorg for eldre, funksjonshemma eller andre pleietrengjande, kan du/de søkja om ulike avlastingstilbod. Avlasting kan gjevast både i og utanfor heimen.

## Støttetiltak funksjonshemma:

- Råd og rettleiing
- Støttekontakt, individuelt og i gruppe
- Avlasting
    - private avlastingsheimar
    - Gullfjellbasen og Straumsfjellet avlasting
- Følgjekort


Straumsfjellet avlasting


Gullfjellbasen

## Følgjekort

for personar med nedsett funksjonsevne

Følgjekortet skal gje den som følgjer personen fri eller rabattert tilgang til ein del kultur- og fritidsarrangement og visse transportmiddel.

Du kan kontakta kommunen for å få hjelp til å søkje om følgjekort, tlf 55 09 60 00
www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Folgjebevis-for-funksjonshemma/

## Gruppeaktivitetar (støttetiltak):

- Måndag: Fotballtrening (Nest Sotra United)
  Klubb Knekten (første måndag i månaden)
  Gutteklubb (annakvar måndag)
- Tysdag: Bading i Terapibasseng
  Solsikka Barneklubb
- Onsdag: Musikkgruppe
- Torsdag: Handballtrening

Kontakt Fjell kommune, 55 09 60 00 - støttetiltak, for nærare informasjon


Terapibassenget på Straume

**Parkeringsløyve** for bilførar eller passasjer som treng å parkera på handikapplass



Personar som ikkje kan gå eller som har store vanskar med å gå over ei viss lengd, og som samstundes har behov for å parkera på offentleg skilta parkeringsplass knytt til bustad, arbeid og annan aktivitet, kan få parkeringsløyve for 2 - 5 år om gongen. Du kan kontakte kommunen for å få hjelp til å søkja om parkeringsløyve, tlf 55 09 60 00.

www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Parkeringsloyve-for-forflyttingshemma/

Parkeringsløyvet gir deg rett til å parkera på offentleg skilta og reservert parkeringsplass utan at du betaler avgift, og utan at du behøver å følgje den lengste fastsette parkeringstida (dersom det ikkje er gitt melding om anna).

**Transportkort:** Dersom du har varige funksjonshemmingar som gjer at du ikkje kan nytta deg av offentlege transportmiddel (rørslehemming, blind/svaksynt/allergi/epilepsi/hjerte- og lungesjukdom, psykisk liding og psykisk utviklingshemming mv.) kan du få tildelt **transportkort.**

Kontakt **NAV,** tlf 81 58 10 00, for nærare opplysningar.



**NAV Fjell** har lokale i underetasjen på Fjell rådhus. På NAV arbeider tilsette frå stat og kommune side om side for å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad.

Ønskjer du å kontakta NAV på telefon, ring tlf 81 58 10 00. Du kjem da til NAV sitt kundesenter for heile landet. Dei vil hjelpa deg så langt som mogleg, eventuelt setja deg over til kontaktpersonen din ved NAV Fjell.

www.nav.no

**Tenester:** http://www.nav.no/Forsiden

- arbeid og verkemiddel
- barnehagestøtte til foreldre med dårleg betalingsevne
- busetjing og introduksjonsordning for flyktningar
- bustøtte, startlån og tilskot
- gjeldsrådgjeving
- introduksjonsordninga for flyktningar
- kvalifiseringsprogrammet
- omsorgsløn
- rusmiddelbrukarar - tiltak
- tilskot og lån frå Husbanken
- transport for forflyttingshemma
- økonomisk rettleiing
- økonomisk sosialhjelp

**NAV Fjell**
Postboks 143, 5341 Straume - Telefon 8158 1000
Besøksadresse: Fjell rådhus, Straume

# Kommunal planlegging



Nordre Sotra, Bildøyna og Litlesotra sett frå lufta

I samsvar med **plan- og bygningslova** og anna lovgrunnlag utarbeider Fjell kommune ei rekkje planar knytt til ulike område i kommunen. Den mest omfattande er arealdelen til kommuneplanen, som normalt vert rullert i kvar kommunestyreperiode, altså kvart fjerde år.

Vi utarbeider også andre arealplanar for større eller mindre område av kommunen, og lagar planar for tema som skulebruk og skuleutvikling, trafikksikring, idretts- og friluftsliv, bustadbygging osb. Eit anna viktig arbeidsområde er behandling av private reguleringsplanar.

**Plan og utbyggingssjefen** forvaltar ansvaret for miljø og landbruk, byggje- og delesaker, areal og regulering, overordna arealplan, kart og oppmåling, samfunnsplan og byggprosjekt. I dette ligg også ansvaret for å byggja større kommunale bygg som skular, helsesenter, terapibasseng m.v., og vidare å følgja opp ulike ulovlege byggetiltak rundt om i kommunen, bl.a i strandsona.



Gjennom planlegginga legg kommunen grunnlaget for vekst og utvikling av samfunnet vårt, med trygge oppvekstmiljø, gode møtestader og leikeområde, og tenlege kommunale tilbod og tenester for alle innbyggjarane.

www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Administrasjonen/Plan--og-utbyggingssjefen/

# Tekniske tenester

Ein del ofte etterspurde tilbod

Adressetildeling:

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Adressetildeling/

Brannvern og feiing:

- www.sotrabrannvern.no

Byggje- og delesaker:

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Emneord/Byggesak/

Deling av grunneigedom - frådeling av eigedom:

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Fradeling-av-eigedom/

Kartteneste:

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Kart-og-geodata--Kartteneste/

Landbruk og miljø:

- www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Administrasjonen/Plan--og-utbyggingssjefen/

Nabovarsel:

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Nabovarsel/

Oppmåling:

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Emneord/Oppmaling/

Renovasjon: www.fjellvar.as

Tilknytning til vatn- og kloakk: www.fjellvar.as

Utsleppsløyve: www.fjellvar.as




Når du flyttar til eller frå kommunen, hugs å melda frå om dette til Folkeregisteret!
www.skatteetaten.no/Bibliotek/Publikasjoner/Brosjyrer-og-boker/Husk-a-melde-flytting/

# Vatn, avløp, renovasjon



**FjellVar** er eit kommunalt eigt aksjeselskap som tek hand om utbygging av vatn og kloakknett og all avfallshandtering i kommunen.

Gjenbruksstasjon: Lonavegen 20 på Straume
Tlf 56 31 59 30 - tlf 56 31 59 31. Vakttelefon vatn, avløp, renovasjon: tlf 917 29 717

Opningstider gjenbruksstasjon, sjå www.fjellvar.as

# Sotra Brannvern IKS

er eit interkommunalt selskap som tek hand om pliktene Fjell og Sund kommunar har etter brann- og eksplosjonsvernlova.

**Brannvernet**
- utfører tilsyn og feiing med fyringsanlegg i privatbustader, tilsyn i særskilde brannobjekt og gjev brannførebyggjande informason
- arrangerer kurs i brannvern, førstehjelp og varme arbeid
- har beredskap mot brann, ulukker og akutt forureining.

Administrasjonen held til i hovudbrannstasjonen på Ågotnes. Det er også ein bistasjon i Skogsskiftet. For meir informasjon sjå www.sotrabrannvern.no

Sentralbord: tlf. 56 33 40 10 - Faks: 56 32 18 25 - Vakttelefon: 934 41 998
E-post: post@sotrabrannvern.no



# Kommunal eigedom

Eigedomssjefen har ansvar for kring 110 000 kvm bygningsmasse, 80 km kommunale vegar, 25 km gang- og sykkelveg og fortau og 20 kaiar. Til dagleg tek om lag 130 tilsette seg av

- reinhald kommunale bygg
- forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar, brønnar m.v.
- vaktmeisterteneste kommunale bygg
- drift og vedlikehald av det kommunale vegnettet

www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Administrasjonen/Eigedomssjefen/


Knarrevik skule - i dag held kulturskulen til her

# Kommunale vegar

www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Vegvedlikehald/

- Kommunen skal sikra trygg ferdsel på dei kommunale vegane og ta vare på miljø- og samfunnsinteresser.
- Vedlikehaldet omfattar køyrebane, skråningar og dreneringssystem. Det kan og omfatta feiing og reinhald, fjerning av søppel, klipping av vegetasjon, vegoppmerking og skilting, brøyting og strøing om vinteren.



Vakttelefon kommunale vegar:
994 89 948


Ekerhovd skule

Vakttelefon kommunale bygg:
476 06 122

Vakttelefon fylkes- og riksvegar: 175

# Fjell Bustadstifting



er ei kommunal stifting som disponerer om lag 310 utleigebustader til folk som fyller visse vilkår. Ved behov for bustad må du søkja på eige skjema som du får i service-torget på Fjell rådhus, eller du kan ringja oss for å få skjema tilsendt:

- Fjell Bustadstifting, tlf 55 09 73 86 eller
- Fjell kommune, tlf 55 09 60 00

Søknadsskjema finn du og på Internett:

- www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Fjell-bustadstifting/
- www.fjell.kommune.no/Documents/OmFjell/Fjellbustadstifting/soknad.pdf
- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Utleigebustad/

DEN NORSKE KIRKE
Fjell kyrkjelyd

# Kyrkjene i Fjell



Fjell kyrkje på Fjell Gard, vigsla 28.august 1874

Kommunen har det økonomiske ansvaret for kyrkjene og tilhørande kyrkjegardar, og for lønn til ikkje-geistlege medarbeidarar i kyrkjelyden.

Kyrkjekontoret held til i 2. etasje i lokalet til Grafisk Trykk på Skjenet, Straume.

Telefon 55 09 74 40, kl. 09.00 - 15.00 alle kvardagar.

www.fjell-kyrkjelyd.no



Foldnes kyrkje, bygd i 2001



Landro kyrkje, bygd i 1977

# Kultur og fritid

## Fjell folkeboksamling

har lokale i Sartor Senter og omfattar hovudbibliotek og bokbuss.

I biblioteket kan du lesa eller låna bøker, aviser, tidsskrift, lydbøker, cd–rom, musikk, video, lokalhistorisk materiale, kommunal og statleg informasjon, og du kan bruka datamaskiner til tekstbehandling og Internettbruk osv.



Biblioteket har både leseplassar og grupperom. Vi har og faste eventyrstunder for barn.

På www.biblioteka.ivest.no finn du Fjell folkeboksamling sin katalog over bøker og anna materiale. Du kan søkja opp og reservera det du ønskjer å låna, og her kan du finna opningstider, bokbussruter og plan over eventyrstunder.

Tlf 55 09 69 10

- www.biblioteka.ivest.no
- e-post: bibliotek@fjell.kommune.no

## Fjell Frivilligsentral

formidlar kontakt og samarbeid mellom lag, organisasjonar, det offentlege på lokalt plan og einskildpersonar i lokalmiljøet. Vi formidlar frivillig hjelp der det trengst, og vi gir råd og støtte til dei som vil starta opp nye aktivitetar.

Tenestene som vert samordna gjennom sentralen vert utført av frivillige, ubetalte medarbeidarar – som eit tillegg til dei lovfesta omsorgstenestene, ikkje i staden for.

Sentralen ønskjer til ei kvar tid kontakt med unge og eldre som vil gjera ein frivillig innsats. Ut frå dine interesser innan kultur, idrett, omsorg, mangfald osv., finn vi saman ut kva oppdrag som passar for deg. Du finn oss på Sartor senter, tlf 55 09 69 29.

- www.fjell.frivilligsentral.no e-post: frivillig@fjell.kommune.no

## Fjell bygdebok

er eit lokalhistorisk prosjekt i regi av Fjell kommune, adminstrativt underlagt servicetorgsjefen. Eit bygdebokutval har ansvaret for framdrifta, i samarbeid med redaktør frå Universitetet i Bergen. Bokverket blir på i alt sju band, fire med gards- og slektshistorie, og tre med allmennhistorie. Til no er fem band utgitt: band I, "Natur- og kulturhistoria fram til 1700", og band II-V, "Gards- og slektshistoria". Band VI er under arbeid, og vil ta for seg allmennhistoria frå 1700 til ca. 1900. Band VII vil omhandla Fjell på 1900-talet, og heilt fram til 2010. Meir informasjon på

Bøkene er til sals i bokhandlane, bl.a. på Sartor storsenter. Dei kan bestillast frå Eide forlag (Fagbokforlaget) i Bergen, e-post ordre@fagbokforlaget.no, eller på www.eide-forlag.no/fjell Bøkene er også til sals i dei fleste større, norske nettbokhandlar.

- www.fjellbygdebok.no og www.facebook.no/fjellbygdebok

# Offentleg bading - kommunale symjebasseng

- Fjell Ungdomsskule, Bildøyna
- Ulveset skule
- Ågotnes skule
- Terapibassenget på Straume (ikkje ope for offentleg bading, men vert legd ut til lag/organisasjonar med behov for dekstra oppvarma basseng. Søknadsfrist 1. mai)

Opningstidene finn du på www.fjell.kommune.no, eller kontakt servicetorget for nærare informasjon.





# Treningstider og arrangementstid i kommunale bygg og anlegg

Kontakt servicetorget for nærare opplysningar, eller sjå

- www.fjell.kommune.no
- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Leige-av-kommunale-idrettsanlegg-til-enkeltstaande-arrangement/
- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Leige-av-kommunale-idrettsanlegg-til-fast-trening/







# Kommunale tilskottsordningar

Fjell kommune deler årleg ut driftstilskot og ei rekkje andre stønadsordningar til lag og organisasjonar. Kontakt servicetorget for opplysningar/nærare informasjon. Søknadsskjema på www.fjell.kommune.no

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Tilskot_til_kultur_og_idrett/
- www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Lag_og_foreiningar/
- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tema/Idrett-og-friluftsliv/

# Andre kommunale tilbod




- barnehageplass
- skjenkeløyve - ambulerande
- politiske saker
- postjournal på nett - korleis finn du fram
- utleige møterom i rådhuset
- utleige kommunale bygg og anlegg

**Barnehageplass:** I Fjell kommune er det felles opptak for private og kommunale barnehagar. Servicetorget i kommunen samordnar opptaket, og styrar i den einskilde barnehage tildeler plassar. Søknadsfristen for hovudopptaket er 1. mars, men føresette kan søkja barnehageplass heile året.
www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Barnehageplass/



**Skjenkeløyve - ambulerande** kan søkjast av personar som ønskjer å servere alkoholhaldig drikk i samband med slutta selskap eller ved eit bestemt høve eller del av året.

Du må søkja i god tid før arrangementet skal vere. For arrangement i juli eller tidleg august må søknad sendast inn i juni. Behandlingstid minst ei veke. I juli/august må du rekna med 2 - 4 veker. Kontakt kommunen på telefon 55 09 60 00 dersom det gjeld arrangment med kort frist.

Søkjer du om skjenkjeløyve for eit enkelt høve eller ein bestemt del av året, blir det innhenta fråsegn frå politiet og sosialtenesta. Du får skriftleg melding om vedtaket.

www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Skjenkjeloyve---ambulerande--for-eit-bestemt-hove/

**Politiske saker:** Politisk sekretariat har ansvar for saksbehandling av politiske saker og saker innanfor feltet til servicetorgsjefen, kommunale skjenke- og serveringsløyve, gjennomføring av val, førebuing av saker til klagenemnd i tillegg til sekretærarbeid for politisk leiing og tilrettelegging for møta i politiske råd og utval. Sakene blir lagt ut på nett: www.fjell.kommune.no

**Postjournal på nett:** Postlista finn du på heimesida til kommunen, www.fjell.kommune.no. Klikk på "postlister" heilt oppe på skjermbiletet. Her ligg informasjon om korleis du går fram for å finna aktuelle dokument.

**Utleige møterom:** Ønskjer du å leiga kulturhuset eller møterom i rådhuset? Kontakt servicetorget, tlf 55 09 60 00 eller send melding til postmottak@fjell.kommune.no

**Utleige kommunale bygg og anlegg:**
- Kommunale idrettsanlegg, faste treningstider og enkeltståande arrangement: Kontakt servicetorget, telefon 55 09 60 00, eller send melding til postmottak@fjell.kommune.no
- Skular/klasserom: kontakt rektor ved den aktuelle skulen

# Det spennande øyriket

## - mykje besøkte friluftsområde og kulturminne -



**Fjell festning** ligg i eit vakkert natur- og kulturlandskap, og er i dag eit mykje nytta turmål for turgåarar frå heile regionen. Festningsområdet byr på gode høve for frisk luft og fysisk aktivitet og for alle grupper, små og store. Frå festninga går det turvegar i alle retningar, som makelege turar i rundløypa oppe på sjølve festningsområdet, eller den krevjande stigen opp til Liatårnet, 341 m.o.h og det høgste fjellet på Sotra. I opningstidene til museet kan turgåande kjøpa mat i kafeen i Kanontårnet.

Fjell festning har sidan 2008 vore ein del av Museum Vest. Krigsminnet frå 1942 er i dag eit interessant museum, ope for publikum kvar laurdag og søndag frå mai til august, kl 11.00 - 14.00. I denne perioden vert det arrangert spennande omvisningar med kunnskapsrike guidar inne i dei lange gangane og dei mange mange romma under jorda. Elles er museet ope for grupper heile året etter avtale. Kanontårnet kan og leigast av grupper og privatpersonar til ulike arrangement. www.museumvest.no



Kanontårnet på Fjell festning, 177 meter over havet. Hit kan du gå frå RV 555 eller Russarstegen frå Gjerdet kulturminnegard. http://nordsjoloypa.ivest.no/fjell_festning.htm

**Gjerdet kulturminnegard** er eit typisk vestlandsbruk. Småbruket ligg sør på Fjell gard, like under Fjell festning. Russarstegen, den gamle arbeidsvegen til russiske krigsfangar som var med og bygde festninga, går frå garden og opp til festningsplatået. Den er i dag ein mykje nytta turveg frå bygda og opp til fjellet. Garden og bakgrunnen til folket som budde der, er ei spennande historie om Fjell gard og korleis det var å bu like under Fjell festning under krigen og i etterkrigstida.



Når Gjerdet er restaurert, vil historia bli formidla til publikum gjennom "opplevingspakkar", med ei blanding av historieforteljing, fornyande kunst- og designprodukt, turopplevingar og gode smaksopplevingar ... alt med utgangspunkt i det gamle og eksisterande. nb-no.facebook.com/pages/Dei-paa-Gjerdet

**Langøy kystkultursenter -** tusenårsstaden til Fjell kommune - er ein tradisjonsrik handelsstad på vestsida av Sotra, med landhandel, bakeri og naust. Bakeriet og bygningane er restaurerte, og i tilknyting til senteret er det tilrettelagt ein lun badeplass for barn. Senteret kan etter avtale med Stiftinga Langøy leigast ut til arrangement heile året.
www.langoykystkultursenter.no



**Misje museum** er eit lite bygdemuseum som viser dagleg liv og virke gjennom hundre år: fisket, fiskeindustrien, emigrasjonen, livet under krigen, reiskapar, mat og klede. Misje Bygdalag driv museet. Om sommaren er det søndagsopen kafé, og elles omvising etter avtale med Misje bygdalag.
www.misje.org/misjemuseum.html

**Smio i Sundet:** På Storasundet på nordsida av Syltøyna disponerer Fjell kystlag ei gammal smie/ein liten båtverkstad med slipp. Ønskjer du å sjå korleis det med enkle midlar var mogleg å laga alt frå komplisert båtutstyr til praktiske løysingar som letta kvardagsslitet, kan du få omvising etter avtale med kystlaget. Slippen er restaurert og i dagleg bruk i sommarhalvåret.
www.fjellkystlag.no



**N.O.P. Storesund Landhandel** er ein velhalden og levande presentasjon av vår nære fortid - med landhandel, postkontor og gamle båtmotorar. Landhandelen er i privat eige.

**Nordvikkverna på Nordvika,** ved utløpet av elva frå Ulvesetvatnet, er om lag 180 år gammal. Fjell kulturminnelag har restaurert kverna, slik at dei no kan mala korn på gamlemåten. Kulturminnelaget kan etter avtale visa korleis ei lita elv kunne skapa liv og verksemd rundt i bygdene.
www.fjellkulturminnelag.org/prosjekt.html

Den staselege **Knarrevikløa** løa frå 1917 er ein del av Knarrevikanlegget. I samarbeid med Sartor Sportsskyttarlag har Fjell kulturminnelag restaurert løa. I dag blir kjellaren brukt til skytebane for Sartor Sportsskyttarlag. Andre etasje blir brukt som festlokale, og i tredje etasje er det eit lite museum med gamle reiskapar frå Sotra.
www.fjellkulturminnelag.org/prosjekt.html

**Turøyvarden** står på det høgste punktet på Turøyna, 74,51 meter over havet. Frå varden er det fritt utsyn i alle retningar. Varden er frå 1896, murt i gråstein og tjærebredd. Den er vel fem meter høg og har sirkelform, er synleg langt til havs og er eit godt sjømerke.
http://nordsjoloypa.ivest.no/turoyvarden.htm



# Ut på tur

For den turglade ventar store naturområde med turstigar og tilrettelagde løyper.



Nordsjøløypa i Fjell strekkjer seg samanhengande frå Kjereidet ved grensa mot Sund kommune i sør, til Misje ved grensa til Øygarden kommune i nord. Frå Fjæreide går det ei sidegrein mot vest til Langøy Kystkultursenter.

- Kjereidet - Kallestad - Trengereid - Dala - Tellnes
- Haganes - Liatårnet - Bjørkedalen
- Fjell - Morland - Fjæreide
- Fjæreide - Apalvågen - Langøy Kystkultursenter
- Fjæreide - Spjeld - Ågotnes
- Ågotnes - Vindenes - Solsvika - Misje

Hos bokhandlarane på Sartor Senter, i biblioteket og på Fjell Rådhus kan du kjøpa turkart over Nordsjøløypa og andre turløyper i Fjell, Sund og Øygarden. I biblioteket og på Fjell Rådhus kan du i tillegg få kjøpa eit hefte om Nordsjøløypa i Hordaland.

Sotra og Øygarden Turlag har og eit rikhaldig utval av oppmerka løyper: www.sotraoygard.org

Du finn opplysningar om turløypene på heimesida til Fjell kommune, eller du kan kontakta servicetorget for nærare informasjon, tlf 55 09 60 00. Sjå og lenkjene til Nordsjøløypa

- www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Turloyper/
- www.hordaland-f.kommune.no/kls/ kulturlandskapssenteret/nordsjoeloeypa.htm



Til Liatårnet, 341 m.o.h, kan du gå både frå RV 555-Bjørkedalen på vestsida, frå nord, sør eller aust.
http://nordsjoloypa.ivest.no/liatarnet.htm

# Badeplassar



Tilrettelagde badeplassar med lett tilkomst frå veg:

- Geitvika på søre Straume
- Bildøyna
- Kårtveitpollen
- Langøy Kystkultursenter
- Olsvika ved Vindenespollen
- Skiftedalsvatnet

Badeplassar du kan nå med båt eller ved å gå eit stykke gjennom utmarka:

- Myntevika ved Tellnessjøen
- Kobbavågen nord på Lokøyna
- Barmane vest på Algrøyna



Du finn nærare opplysningar på

- http://ut.no/
- http://ut.no/kart
- www.mosjon.com/

Bergen og Omland Friluftsråd

- www.bof.no/

# Andre aktuelle friluftstilbod på sjø og land - reiseliv

Den vakre skjergarden på vestsida av Sotra og Øygarden er unike reisemål som tiltrekkjer stadig fleire. Her kan du velja mellom fullstendig fred eller å delta i ulike aktivitetar ... eller kanskje litt av begge delar? Sjå www.Kysteventyret.no for informasjon

- www.facebook.com/pages/Kysteventyret
- www.fjordnorway.com/no/
- www.brb.no/page/61/felles-presentasjon-av-bergensregionen
- www.vestforbergen.no/

## Padleløyper

Padling er eit nytt og spennande satsingsområde, med organiserte kajakkturar, bl.a. Nordsjøåra, Padlefestivalen på Langøyna, NullMeterOverHavet og kajakkopplegg i Springflo-området.



- www.fjell.kommune.no/Aktuelt/Lagar-unike-padleloyper/
- www.fjordnorway.com/no/AKTIVITETER/Sports-og-friluftsaktiviteter/Kajakk/Kystpadling/SotraOygarden-/
- www.bof.no/Padling/padling.htm



## Båtsport



## Segling

På Anglavika, nordaust på Litlesotra, finn du RAN seilforening, ein av dei eldste segl-foreiningane i landet.
http://ranseil.no



## Dykking

Sotra sportdykkeklubb held til i Apalvågen på vestsida av Sotra, sju km frå Fjell kyrkje (FV 559).
www.ssdk.org



... eller vi kan nyta stilla og freden på eit svaberg med fiskestang i hand



Klatrevegg ved Vindkjeften, Langøyna

## Klatreløyper

På vestsida av Sotra finn du nokre av dei beste klatre-klippene i bergensområdet. Sjå heimesida til Bergen klatreklubb for meir informasjon: - klatreboks.no

- www.klatring.no
- www.bergen-klatreklubb.no/nks/

# Tilrettelagde indrettsanlegg

Den som likar organisert idrett, kan velja mellom vel tretti idrettslag med rundt 6600 registrerte medlemskap. I kommunen er det nær to hundre **tilrettelagde anlegg**, frå små nærmiljøanlegg til ordinære idrettsanlegg. Ny fleirbrukshall på Straume er på veg.



På Fjell festning ser vi frå Stolmen i sør til Fedje i nord



Syltøkylderen - fredfylt idyll på vestsida av Sotra



Utsikt frå Spjeldsfjellet



Løno, lengst vest i kommunen. Hit kjem vi berre med båt.

Bergen og Omland Friluftsråd eig eit eldre hus og to naust på Løno. På fine sommardagar er det gjerne fullt av båtar og badegjester i Søre Lønevågen.

Det var fast busetnad på øya frå 1845 til 1951, med sju bustadhus og seks gardsbruk. Løno hadde eigen skule og øya var sjølvforsynt med poteter, grønsaker og for til dyra. Fiske og sjøfart var hovednæringa. I dag rår sjøfugl og sauer grunnen.
www.bof.no/Info/BrosjyreLono.pdf

BRANN 110

POLITI 112

AMBULANSE 113

116 111 ALARMTELEFONEN for barn og unge

Vern for eldre
Nasjonal kontakttelefon
800 30 196

# Viktige telefonnummer

Vakttelefonar

- Sotra legevakt: 5633 2610
- Vatn, avløp, renovasjon: 917 29 717
- Kommunale vegar: 994 89 948
- Distriktsvegkontor 175 - 815 44 010
  www.vegvesen.no
- NAV: 8158 1000
- Alarmtlf barn og unge 116 111
- Alarmtlf for eldre 800 30 196
  måndag - fredag 09 - 15



Fjell kommune - tlf 55 09 60 00
www.fjell.kommune.no